

Etne Elveeigarlag

Trondheim, 09.09.2021

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/6785

Sakshandsamar:
Anniken Gjertsen Skonhoft

Kvoteregulering i Etneelva

Bakgrunn

Vi syner til e-post datert 10. mai 2021 frå Etne elveeigarlag, ved Anders Aune, til Statsforvaltaren i Vestland, kor de ber om ei skriftleg avklaring av om gjeldande fangstkvoter i Etneelva er i samsvar med lov og forskrift. Etter avtale med Statsforvaltaren i Vestland vil Miljødirektoratet svare på førespurnaden.

Vi syner også til e-post frå Hildegunn Sagvaag (ein av fire grunneigarar i sone 1 i Etneelva), datert 5. mai og 3. juni 2021, kor hos spør Miljødirektoratet om følgjande:

1. *Skal storleiken på fiskeretten, forstått som andelar, liggja til grunn for fordeling av fiskekvotar/fangstregulering i dei einskilde sonene/valda, eller*
2. *er det opp til fleirtalet ved årsmøtet å fritt bestemma dei ulike fiskekvotane/fangstregulering i dei einskilde sonene/valda, uavhengig av andelar?*

Bakgrunnen er at EE (Etne elveieigarlag – vår merknad) føreslo ovafor årsmøtet i 2016 å regulera fisket annleis enn «alle tidlegare år» slik at andelar ikkje lenger skulle liggja til grunn for fordeling av kvotar/regulering av fangst. Dette blei vedteke på årsmøtet og resultatet blei at nokre få (mindretal) store soner fekk redusert sin kvote medan dei aller fleste sonene (fleirtalet), fekk oppretthalde sin kvote.

Regelen spørsmåla gjeld er regel nr. 13 i fiskereglane for Etneelva 2021:

*13. Fangstbegrensning er;
For Etneelva: 2 laks pr. sone pr. døgn.
Sonar med motfiske deler denne.
Sone 1a har 3 laks pr. døgn
(...)*

Miljødirektoratets vurdering

Blant oppgåvene til fellesforvaltninga i vassdrag med gytebestandsmål på over 100 kg hofisk av laks er å regulere fisket. Fleirtalet av fiskerettshavarane, rekna etter sin andel i fisket, kan fastsette fiskereglar som er bindande for alle rettshavarane som er omfatta av

forvaltningsområdet, jf. lakse- og innlandsfiskloven § 25 andre ledd og forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk (forskrifta) § 9.

Dei er visse grenser for innhaldet i dei fiskereglane fellesforvaltninga kan vedta. Fiskereglane må, for det første, vere fastsette innanfor rammene sette av offentlegrettsleg regulering. Vidare må dei fiskereglar som blir vedtatt av fellesforvaltninga gjennom fleirtalsvedtak vere grunnigvne i forhold som skal medverke til ei forsvarleg og rasjonell forvaltning av fiskeressursane, jf. lakse- og innlandsfiskloven § 25 første ledd. Dette kan vere biologiske forhold, til dømes for å oppnå gytebestandsmålet, eller andre saklege forhold, slik som omsynet til fiskevelferd og til å leggje til rette for at fleire kan delta i fisket. Døme på fiskereglar som kan bli vedtatt er føresegner om fisketider, minstemål/maksimalmål og individuelle fangstkvotar for fiskarar.

Vidare kan ikkje fellesforvaltninga, gjennom fleirtalsvedtak, vedta føresegner som grip inn i den einskilde rettshavars utnytting av fiskeretten, slik som sal av fiskekort og utleige av fiskeplassar, jf. merknadene til forskrifta § 9. Slikt samarbeid må byggje på avtale mellom rettshavarane. Denne avgrensinga i fellesforvaltningas mynde er knytt til den rett grunneigar har til å faktisk og rettsleg gjere bruk av fiskeretten som ligg til eigeodomen, jf. lakse- og innlandsfiskloven § 16 første ledd, bokstav a, som lovfestar grunneigars einerett til fiske etter anadrome laksefisk.

Fellesforvaltninga kan heller ikkje, gjennom fleirtalsvedtak, vedta føresegner som einsidig rettar seg mot einskilde rettshavarar, jf. merknadene til forskrifta § 9: *Departementet understreker mindretallsvernets betydning i forhold til vedtak fattet av fellesforvaltningen. Det må ikke treffes vedtak som ensidig retter seg mot enkelte rettighetshavere eller grupper av rettighetshavere unntatt når dette er en følge av brudd på fellesforvaltningens vedtak.*

Med grunnlag i dei grensene for fellesforvaltningas mynde som er nemnde ovanfor, legg Miljødirektoratet til grunn at fellesforvaltninga, gjennom fleirtalsvedtak, ikkje kan vedta føresegner som har som siktemål å omfordele fangst mellom rettshavarar, eller som har som følge at fangsten i nemneverdig grad blir omfordelt mellom rettshavarar.

Regel nr. 13 i fiskereglane for Etneelva vart vedtatt av årsmøtet i Etne elveeigarlag i 2016, med 327 mot 248 røyster (røysting basert på andelsfordeling), jf. møteprotokoll frå årsmøte i Etne elveeigarlag 18. februar 2016. Regel nr. 13 seier at det i alle soner kun kan tas to laksar per døgn, med unntak for sone 1a, kor det kan tas tre laksar per døgn.

I årsmøteprotokollen blir følgjande sagt om bakgrunnen for styrets forslag til fangstkvoter (det som no er regel nr. 13):

Det vil vera fornuftig med begrensninger i fangst. Styret har vurdert fangstkvotar etter andelar og meter elv. Det har vore vurdert årskvote. Det må vera lette å kontrollere og ha ei virkning. Styret meiner ein matematisk modell er vanskeleg. Det vil få negative utslag for dei minste sonene. Ein ynskjer å gå bort frå fangst pr. stang pr. sone og over til fisk pr. sone. Til slutt meiner V.B. at ein må vera litt romslege når ein fattar vedtak.

Sigve Fitje seier at forslaget som ikkje tar omsyn til sonestorleik ikkje blir rett. Han eksemplifiserte dette med at i anna forvaltning av rettar og verdier så er det storleiken og/eller eigarandelar som er praksis. J.A.V. meinte ein kunne finne fram til fangstkvote som både tok omsyn til storleik på sonen og at det er små soner, ved f.eks. å vedta at alle har 2 fisk i fangst, men at dei største sonene får tilleggskvote i forhold til sonelengd.

Hovudregelen for fastsetting av andelar er at fangst skal vektleggjast med 75 % og lengda på strandlinja med 25 %, jf. forskrifta § 6 første ledd. Fangstkvote som gjer at soner får kvoter som er mindre eller større enn det andelane i fisket skulle tilseie, vil kunne innebere ei omfordeling av fangst som vil påverke grunnlaget for fastsetting av andelar i fisket. Etter Miljødirektoratet si vurdering, kan fellesforvaltninga, gjennom fleirtalsvedtak, gi reglar for kor mange fisk som kan tas ut på einskilde soner, forutsett at kvotefordelinga speglar fangstfordelinga i vassdraget, og ikkje i nemneverdig grad inneber ei omfordeling av fangst mellom rettshavarar. Ei kvotefordeling som er fastsett med grunnlag i ei andelsfordeling som er i samsvar med hovudregelen i forskrifta § 6 første ledd, vil fellesforvaltninga kunne vedta gjennom fleirtalsvedtak.

Dersom fangstkvote for soner i Etneelva er sette på ein måte som inneber at fangsten i nemneverdig grad blir omfordelt mellom rettshavarar, vil Miljødirektoratet tilrå at styret i elveeigarlaget gjer framlegg om å endre kvoteregelen. Er det ønske om å avgrense uttaket av fisk i vassdraget, kan dette til dømes gjerast gjennom å innføre sesong- eller døgnkvoter for fiskarar.

Til slutt vil vi peike på at det i lagets vedtekter § 6 står at "Berekning og fordeling av andeler vert gjeldande i 5 år." Dette er ikkje i samsvar med forskrifta § 6 sjette ledd, som seier at andelsfordeling skal tas opp til ny vurdering etter 10 år. Miljødirektoratet vil oppmode styret til å gjere framlegg om å endre denne regelen.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Raoul Bierach
seksjonsleiar

Anniken Gjertsen Skonhoft
seniorrådgivar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Vestland